

SEIM BYGG AS
NESBREKKA 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykker: 516bcd53-e4ed-4d0e-86d6-a049f920a5ee
Vår: 21/6431 - 21/51057

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
21.07.2021

Utvila bruk av avkjørsle - ny bygning - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Saka gjeldt søknad om utvila bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg for frådeling av bustadtomt frå gbnr 155/10 datert 08.07.21.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om utvila bruk av avkjørsle mot kommunal veg kv1154 i samband med frådeling av tomt for einebustad.

Vurdering/drøfting:

Det skal søkjast frådeling frå gbnr 155/10 for oppføring av ny einebustad. Bustaden vil få avkjørsle via eksisterande privat veg/avkjørsle mot kommunal veg med fartsgrense 50km/t i samsvar med vegtrafikklova. Ut frå søknad og situasjonsplan vil huset ligge slik at det ikkje vil vere til hinder for sikt i avkjørsla. Vegbilete og vedlagt foto viser at det ikkje er sikthindringar for avkjørsla pr. i dag. For fartsgrense 50 km/t er det krav om 4x45m sikt. Dette er ikkje teikna inn i situasjonsplan og vil bli sett som krav i løyvet.

Den kommunale vegen er smal, men har godt sideareal langs grøfta ved eigedomen. Det er viktig at sideareal vert oppretthalde med tanke på drift og vedlikehald. Det må difor ikkje plasserast hekk, gjerde, mur eller liknande langs eigedomen nærmare enn 2m frå vegkant.

Samandrag/konklusjon:

Utvila bruk av avkjørsle kan bli gitt for ei bustadeining.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til søknad om utvila bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- Siktsona skal vere 4x45m, rekna frå kant kommunal veg. Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt veggivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
 - Hekk, gjerde, mur eller tilsvarende langs eigedomen mot kommunal veg må ikkje plasserast nærmare offentleg veg enn 2m.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkøysle er å finne på kommunen si heimeside:
www.alver.kommune.no

Vedtaket gjeld avkøyringsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttा fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsoma og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40-4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erling Rosnes

Lurevegen 576 5912

5912

SEIM

Mottakarar:

SEIM BYGG AS

NESBREKKA 28 5912

5912

SEIM